Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Aust agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Holt

Emne: Skav.

Bygdelag: Dalen

Oppskr. av: Lars Fosstveit

Gard: Fosstveit

(adresse): Holt um Tvedestrand

G.nr. 57 Br.nr. 17.

~~A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.~~

B. ~~Eller om~~ Den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Skav.

Skal prøve å svara best mogeleg punktvis:

1. Samnamnet var naudfor – delvis hjelpefor.

2 Sammnamn på skav, beit og bino kjenner ingen her.

3 å skave – skaver – skavde (delvis: skava) har skavd (delvis: har skava.)

4 Skav har vore nytta i Holt som naudfor enda og då, sjølsagt mei før i tida.
Han som har gjeve dei fleste upplysningar (nordaunde skogarb. Ola Kvaldstea ca. 75år) fortel at eine av grannane hans brukte noko skav av osp eit år under verdenskrigen. (1945?)

5. Til skav nytta dei mest allslags lauvtre. Helst eik, osp og rogn. Alm blei mest aldri nytta, då dei rekna det for emne til folkemat i trange tider.
Difor var og almen meir freda på desse kanter i eindel år.

2592

6. Ikkje noko slags tre hadde namnet skav.

7 Rim eller regler um skaving er heilt ukjendt her.

8. Skav vart gitt serskilt – som sörpe. I vatn aleso- eller rettare: Ein slo noko vatn på skavet. Det blei rekna bare som naudfor og kreatura fekk det difor berre utpå våren når fornauda eller forknipa tok til.
Hester fekk visst aldri skav.

9. Det vart vel ikkje direkte meir mjölk av skav-foret. Men det heldt vel delvis mjölke-mengden vedlike; so forsåvidt kunne ein ~~kanskje kalla det~~ seie at der vart meir mjölk.
Skav av rogn og osp kunde stundom gje beisk smak um dei gav mykje av det.

10. Ein dro jamnast ut tidleg um morgonen med hest og slede og kuta heim eit fullt hestelass- eller fleire. Det var helst tynde greinar. Men av rogn kunde ein og nyttja borken på nokso tjukke stammer.

11 Ein hadde kje noko egentleg namn på det: Ein heite ved til skav.

12. Skavved kalla dei både veden dei skulde skave – og etter

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2592

at han var skaord ferdug.

13. Ordet "marka" e ikkje kjent her.
som gjerningsord.

14 Skavveden vart henta tidlig
våren når forkuipa tok til.
Nokon langfredagstur har ingen
her høyrd gjete.

15 Skavinga gjekk helst føre seg
i kammerset avdi borken då
tina upp um han var noko
frosen. Var det varme dagar
um våren sat dei helst ute.

16. Tollekniver vart mest nytta. Men
både tollekniver og bandkniver
var og litt ibruk.
~~Bandknivane laga ein seg sjøl~~
av eit ljåbrot og sette
handtak på.

17/19. Her brukte ein ikke nokon slags
remedier. Berre heldt kniven i eine
handa og pinnen i andre og skar
iveg. Summe støtte nok pinnen
mot det første det beste dei
fann å stöa han mot.

20. Veden blei kalla: skavved.

21 Borken heitte berre: skav

22 Ein skavde helst tynde kjepper.
Men av rogn kunde ein altso
ta borken av nokso tjukke stammar.
Lengda på veden var gjerne
frå 1/2 til 1 m.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

23. Veden kalla dei skavved. So tjukk må
at dei kalla han for
ein kubbe skavde dei visst ikkje.
Navnet var altso skavved og
var kjeppar eller kvister helst.
Her vert ikkje eit vedtre kalla
ein kubbe utan det er minst 1/2 fot
i tverrmål - og sjeldan fór det
namnet seg ein heil fot.

24. Der var ingen faste reglar for
korleis skavet skulle skjerast.
Sume tok berre borken, andre litt
av den nyttale veden og.
Skav vart nytta so lite
at der ikkje var grunnlag for
nokon „mannjevring" millom
folk um beste skavaren.

25. Veden vart nytta til kvasmeheit.
Minst til baking, då me her
nytta - og nyttar - nesten berre
gran- og furuved til slikt.

Ola Kveastea som har
gjeve dei meste upplysningar
um det, har sjøl i sin ungdom
vore med leire i Hoel og Vegårshei
og skavd.

2592

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING